



Kontrollutvalet

Dato: 14.09.2016  
Vår ref.: 2015/11183-27  
Dykkar ref.:

## Partsbrev - Kontrollutvalet sin møterett i generalforsamlingar

### Saksprotokoll i kontrollutvalet - 08.09.2016

#### Handsaming i møtet

Sekretariatet vert beden om å lage forslag til ein standardtekst som kan brukast for å varsle aktuelle selskap om at NN frå kontrollutvalet kjem til å møte på ein generalforsamling.

Den som representerer kontrollutvalet i generalforsamling vert beden om å lage kortfatta oppsummering av det som skjedde.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### Vedtak

Kontrollutvalet gjev leiar fullmakt til å vurdere om nokon frå kontrollutvalet skal delta på generalforsamlingar i selskap som kommunen har eigarskap i etter kommunelova § 80, samt kven som skal delta.

#### Påskrift frå sekretariatet:

«Standardtekst», som det vert vist til i første avsnitt under handsaming i møtet, vil sekretariatet syta for å utarbeide i god tid før det vert aktuelt å delta på neste ordinære generalforsamling.

Vi ber også om at kontrollutvalet merkar seg det som går fram av andre avsnitt under handsaming i møtet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*